



Bjørn Ingvar Eidsheim
Hindenesvegen 181
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/3180 - 19/35192

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
29.11.2019

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg - Gbnr 242/1 Eidsheim

Tiltak: Driftsbygning/redskapshus
Byggestad: Gbnr 242/1 Eidsheim
Tiltakshavar: Bjørn Ingvar Eidsheim
Ansvarleg søker: Bjørn Ingvar Eidsheim

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg etter veglova for oppsetjing av driftsbygning/redskapshus.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det vert søkt om dispensasjon frå byggegrense mot veg for oppsetjing av driftsbygning/redskapshus. Søklar ønskjer å setje opp ei driftsbygning/redskapshus der ein kan vedlikehalde og lagre maskiner som vert nytta i gardsdrifta. Dagens maskinane er så store og tunge at det ikkje lenger er plass å lagre dei innomhus. Driftsbygning/redskapshus er tenkt plassert på eit område der det tidlegare har vore ei løe.

Vurdering/drøfting:

Teknisk drift kan ikkje sjå at plassering av driftsbygning/lagerhus kjem i konflikt med normal drift og vedlikehald av kommunal veg. På innsendt situasjonskart er det vist at det skal etablerast ei ny avkjørsle i samband med driftsbygninga. Ved av plassering av bygg skal ein ta omsyn til avkjørsle slik at tekniske krav til avkjørsle vert stetta (krav til svingradius og snuareal på eigen grunn). Dersom driftsbygning kjem i konflikt med desse krava, skal bygg flyttast lenger inn på eigedom slik at dei tekniske krava vert stetta.

Samandrag/konklusjon:

Teknisk drift har vurdert søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg for oppsetting av driftsbygning/redskapshus for vil gje dispensasjon på følgjande vilkår:

Vedtak:

Teknisk drift gir dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på følgjande vilkår:



- Minste avstand mellom tiltak og midt kommunal veg skal være minimum 8,0 meter. Plasseringa føreset at tiltak ikkje kjem i konflikt med tekniske krav til avkjørsle frå offentleg veg, som til dømes svingradius og snuareal på eigen grunn. Tekniske krav til avkjørsle er gitt i Vegnormal N100 og i forskrift om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler fra offentlig veg» og i eget enkeltvedtak.
- Vedtaket gjeld berre plassering av tiltak. Føresetnad for dispensasjon er at det vert gitt bygge- løyve for tiltak etter plan og bygningslova.
- Lindås kommune fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak som vert plassert innanfor byggegrense mot veg. Dersom det oppstår skade på tiltak, som følgje av tiltaket sin plassering i forhold til veg, er dette kommunen uvedkomande. Eigar av tiltak er sjølv sørge for og påkoste utbetring av eventuelle skader.

Det er med heimel i Veglova § 29 at vegmynde sett krav til tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld plassering av tiltak etter Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatrechtslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Vi gjer merksam på at dette ikkje er eit byggeløyve. Byggeløyve vert handsama av avdeling for byggesak i eget vedtak etter plan og bygningslova.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bjørn Ingvar Eidsheim

Hindenesvegen 5993
181

OSTEREIDET